

God rapport frå 1960-åra

Jorun Solheim skriv personleg og skarpt om ungdomsår med songane til Bob Dylan.

SAKPROSA

JORUN SOLHEIM

Shakespeare i smuget. En reise i Bob Dylans verden

JOHN GRIEG FORLAG

Snart femti år etter Anthony Scadutos underhaldande biografi *Dylan* (1972) har den internasjonale Bob Dylan-litteraturen – akademisk, biografisk, musikkhistorisk, anekdotisk – fått eit uhøyr omfang, og no eit nytt tilskot på norsk: *Shakespeare i smuget* av sosialantropologen og kvindeforskaren Jorun Solheim.

Boktittelen er frå ei verseline i «Stuck Inside of Mobile With the Memphis Blues Again» (*Blonde on Blonde*, 1966) som peikar mot den karnevalistiske verda i Dylans verk som opptek Solheim: «Well, Shakespeare, he's in the alley! With his pointed shoes and his bells». Undertittelen peikar på at boka er personleg. Forfattarskapen hennar har elles vore fagleg.

DEBUTALBUMET

Overraskande byrjar boka med at forfattaren i 1962, den hausten ho fylte 18 år, hørde det då ferske debutalbumet *Bob Dylan*: «Denne kvelden sitter vi i peisestua og prater, drikker og røyker, spiller plater. Verten har nettopp kjøpt et album av en ny og ukjent artist, han sier at dette må vi høre på. Han setter på plata, og en hes, nasal lyd fyller rommet. Den likner ikke noe jeg har hørt før.»

Sjølv har eg aldri før hørt om nokon i Noreg som fekk med seg debutalbumet i utgivingsåret; det nådde knapt utanfor heimlandet USA, der det floppa. Denne sjølvbiografiske detaljen er viktig for boka. Debutalbumet, som Dylan gav ut då han var «20 år, bare litt eldre enn oss som satt der og lyttet i stua», og som for det meste rommar eldre songar skrvine av andre, har vore undervurdert og gjerne halde utanfor periodiseringsa av Dylan som politisk protestsongar, anarkistisk rockar og så bortetter.

At debutalbumet har vore sjølve utgangspunktet for ei personleg oppleving og teoretisk forståing av Dylan, gjer boka til Solheim interessant på fleire plan.

Slik gjev ho fortent merksem til eit ufortent ukjent debutalbum som «rører ved noe uhyggelig og samtidig uavvenlig, en urolig angst som jeg ikke vet at jeg har».

Slik finn ho ein raud tråd i verka hans, utforskinga av



Jorun Solheim. Foto: Institutt for samfunnsforskning (ISF), Oslo

på deg selv, synes disse linjene å si. Hold fast på deg selv, også når du føler at noen har funnet deg. Det er ikke dem du tilhører.»

For delar av den amerikanske venstresida vart dei komplekse songane oppfatta som eit svik frå Dylan, i tråd med det Solheim skriv no: «Dette er ikke akkurat venstresidens yndlingsbudskap.» Det ho så legg til, er eit døme på det personlege nivået i boka: «Men det traff noe viktig i meg den gangen, som jeg ofte ønsker jeg hadde vært bedre til å leve etter. For det kunne, eller burde, ha vaksinert meg mot 1970-tallets politiske galskap.»

FLEIRKULTURELL

Ho verkar vaksinert no, open og lite bastant i drøftingane, med fotnotar der ho nyanserer seg sjølv. Ho gjev gode døme på korleis ein ung Dylan braut opp kjønnsstereotypiane tidleg på 60-talet, samstundes som ho understrekar at ho «regner meg selv som feminist (hvilket Dylan neppe kan sies å være).»

Er det inkje å innvenda? Jau. Ho skriv utan fordomar om den religiøse Dylan, men forenklar nok bakgrunnen hans



Bob Dylan i New York City i 1963. Foto: William C. Eckenberg / NYT scanpix

noko, utan auge for fleirkulturalitet hjå jødiske andre- og tredjegenerasjons innvandrarar i eit kristne Minnesota. Judaismen og Bibelen omtalar ho som ein del «av det vi kan kalle Vestens kulturtradisjon», og Dylan som «en ung hvit mann». Når ho stusar over Jesus-identifikasjonen hjå ein som «kommer fra en jødisk familie», ser det ikkje ut til å slå henne at det gjer båe to.

Når ho spør seg kvifor den unge Dylan ikkje skrev mot Vietnamkrigen, reknar ho det som truleg at han var lei av proteststemelet, og som usannsynleg at han ikkje tok standpunkt, men ho droftar ikkje eit tredje alternativ: at han, liksom Jimi Hendrix, stilte seg solidarisk med jamaldra landsmenn som drog i krigen.

EIN SKARP LESAR

Solheim understrekar at ho ikkje har litteraturvitaklege ambisjonar, men ho er ein god lesar. Ho ser med skarpe øye på tekstane til både kjende og gløymde songar. Og ho er uredd i vurderingane. Om «My Back Pages» (*Another Side of Bob Dylan*, 1964) skriv ho at «det var nesten umulig å ta imot dette (ja jeg tror nesten jeg må si det) melodramatiske ordgyteriet.»

Særsgod er den personlege lesinga av teksten om den samansette kvinnen i «Just Like a Woman» (*Blonde on Blonde*): «Den kvinnan som beskrives i disse linjene har jeg selv vært – opp til flere ganger.» I si attkjennings-tangerer Jorun Solheim jamgamle Eldrid Lundens bruk av songteksten i diktsamlinga *Gjenkjennelsen* (1982).

Dei som er kjende med verka til Dylan i fyrste helvta av 1960-åra, og interesserte i ungdomsrørslene i etterkrigstida, her heime så vel som internasjonalt, vil etter alt å døme ha glede og utbyte av å lesa boka til Jorun Solheim.

HÅVARD REM

Håvard Rem er journalist i Dag og Tid.



En reise i Bob Dylans verden

JOHN GRIEG FORLAG

At debutalbumet har vore sjølve utgangspunktet for ei personleg oppleving og teoretisk forståing av Dylan, gjer boka til Solheim interessant på fleire plan.

*A question in your nerves is lit
Yet you know there is no answer fit
To satisfy, insure you not to quit
To keep it in your mind and not forget
That it is not he or she or them or it
That you belong to*

Ho kommenterer: «Hold fast



Lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen eller på dagogtid.no

objekt. Biletet er diverre ganske likt i vidare skulegang og inn i arbeidslivet.


Alle skapande menneske har ein ibuande sjølvkritikar. Somme blir jamvel angripne av eit heilt sjølvkritikarkorps. Den indre kritikaren er ei plage, noko som øydelegg sjølvtillit og hindrar kreativ framdrift. Litt sjølvkritikk kan likevel stundom vere av det gode.

FORFRISKANDE OG SKARP

Eit slag mot hovudet gav Hilde Østby støyten til å skrive ei bok om kreativitet. Mi nyfikne på temaet fekk meg til å lese henne, sjølv om eg i starten gjekk meg litt vill i dei mange detaljane og referansane. Når lesinga fann retning, framstod detaljrikdomen meir som styrke enn som veikskap. Det er i det eventyrlege, fantasifulle og leikne landskapet Østby bevegar seg. Og i det djupt alvorlege. Kreativitet er ei forfriskande og fagleg skarp hyllest til det tenkande mennesket.

PER ROGER SANDVIK

Per Roger Sandvik er bibliotekar og frilansskribent.



«Eg vert eit nytt menneskje her borte, eg nyast upp i dette sterke livet som strøymar på meg.»

Halvdan Koht

spreidd så mykje glede og kunnskip. Ei flott lærdomssøge om eit program som har forma mykje av norsk universitetsliv i det 20. hundreåret.

BERNT HAGTVET